

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 12.06.2018
SAKSHANDSAMAR: Trine Vingsnes/Vidar Vie
SAKA GJELD: **Plan for prehospitala tenester - fase 1**

ARKIVSAK: 2013/2681
STYRESAK: **055/2018**

STYREMØTE: **22.06.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1 – Rapport for Prosjekt prehospitala tenester – fase 1 vert godkjent, med dei merknader som kjem fram i møtet.
- 2 – Høyringsfråsegnene som har kome inn gjev viktige bidrag til prosessen og skal takast med i det vidare arbeidet.
- 2 – Styret ber administrerande direktør sette i verk arbeid med mandat for fase 2 slik det er skissert i styresaka.

Oppsummering

Rapport for fase 1 – Prosjekt prehospitaler tenester har vore ute til høyring. Saka handlar om godkjenning av rapporten, og vidare prosess for prosjektet.

Fakta

Styret i Helse Førde HF gav i styresak 068/2017 tilslutnad til at prosessen med å utvikle og implementere ein plan for heile det prehospitaler området skal gjennomførast i tre fasar. Dei tre fasane er delte opp slik:

- 1 – Etablere prosjekt – forankring internt og eksternt: Avklare prinsipp, premisser og rammevilkår
- 2 – Detaljering av modellar
- 3 – Implementering av valt modell

Høyringsutkastet for fase 1 var første gong oppe i styret i sak 022/2018 i mars 2018.

Rapporten vart sendt ut til høyring i april, med frist til 30. mai. Det har kome inn 8 uttalar:

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Felles brukarutval i Sogn og Fjordane
- Sogn regionråd
- Kommunalsjefnettverket i Nordfjord
- Aurland kommune
- Hyllestad kommune
- Jens Tobias
- Årdal kommune

Høyringsuttalane kjem frå viktige interessentar for prosjektet. Nokre tema som vert dregne fram er:

- Viktigheita av eit tett og godt samarbeid mellom kommunar og helseføretak
- Forventningar til ein legevaktspilot i Sogn og Fjordane
- Utvikling av akutthjelparordningar
- Fokus på responstid ved akuttoppdrag
- Behov for å avvike vaktordningar med heimevakt i ambulansetenesta
- Viktigheita av å ikkje redusere tal ambulansestasjonar eller -bilar
- Tiltak for å redusere bruk av ordinære ambulansar til transportoppdrag (t.d. ved kvite bilar)
- Viktigheita av ein open og involverande prosess også i fase 2 av prosjektet

- Viktigheita av felles øvingar og kompetansetiltak

Lista over er ikkje uttømande, og alle høyringsuttalane er lagt ved denne saka.

Kommentarar

Dei innkomne høyringsuttalane gjev viktige bidrag til prosjekt for prehospitale tenester. Det er administrerande direktør si oppfatning av dei ikkje gjev grunnlag for å endre rapporten som var sendt ut til høyring, men at dei skal leggest ved i det vidare arbeidet. Gjennomgåande peikar dei på dei same områda som prosjektrapporten vektlegg. Nokre av innspela er knytt til tema som vil vere sentrale delar av fase 2 i arbeidet.

Arbeidet i fase 1 var knytt til «etablering av prosjektet – forankring internt og eksternt: Avklare prinsipp, premissar og rammevilkår.» Når fase 2 skal detaljere modellar for dei framtidige prehospitale tenestene, så vil til dømes plassering av ambulansestasjonar og vaktordningar bli viktige tema. Aurland kommune krev at det vert lagt opp til ambulanse fast stasjonert i Aurland. Hyllestad kommune oppmodar sterkt om at responstider vert vurdert ut frå dei ulike kommunane, og ikkje berre ut frå føretaket. Helse Førde har bede om innspel og desse innspela må også svarast ut. Det er naturleg at det skjer i fase 2 av arbeidet.

Arbeidet med fase 2

Eit av delmåla til prosjektet er å sikre ei god plattform for open og tillitsfull dialog med kommunane i fylket slik at Helse Førde HF og kommunane kan einast om primære ansvarsområdet i den akuttmedisinske kjeda.

Inntrykket av fase 1 er at prosjektet har lukkast med å legge eit godt grunnlag for dette. Det er også nøkkelen for det vidare arbeidet. Grunnlaget for arbeidet i fase 1 vart lagt allereie i mandatarbeidet. Mandatet inneheld hovudmål og delmål for alle fasar i prosjektet i tillegg til delmåla for fase 1. Dette vil difor inngå som ein del av grunnlaget for å utarbeide mandat for fase 2.

Administrerande direktør vil be prosjektleiar om å kalle inn prosjektgruppa for fase 1 for å utarbeide mandatet for neste fase. Det er naturleg at dette arbeidet startar i slutten av august. Erfaringa frå arbeidet med fase 1 tilseier at arbeidet med mandatet vil ta halvanna månad. Eit utkast til mandat kan då leggest fram for styret i oktober for godkjenning.

Konklusjon

Rapport frå Prosjekt prehospitala tenester fase 1, og dei innkomne høyringsinnspela, gjev eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med prosjektet. Prosjektgruppa for fase 1 vert kalla inn for utarbeide mandat for neste fase. Mandatet vert lagt fram for godkjenning i styret i oktober.

VEDLEGG:

1. Høyringsuttale frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
2. Høyringsuttale frå Felles brukarutval i Sogn og Fjordane
3. Høyringsuttale frå Sogn regionråd
4. Høyringsuttale frå Kommunalsjefnettverket i Nordfjord
5. Høyringsuttale frå Aurland kommune
6. Høyringsuttale frå Hyllestad kommune
7. Høyringsuttale frå Jens Tobias
8. Høyringsuttale frå Årdal kommune